



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	02.05.2019	41174/2019/K10	Johnny Loen, 71 28 02 43	27.06.2019

Reinheimen - besøksstrategi for verneområda - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Dokumentet er logisk redigert og ut frå konteksten lett leseleg og forståeleg. Både mål og strategiar i høyringsdokumentet har formuleringar som peikar på verdiskaping i områda utanfor. Dette er godt i samsvar med fylkeskommunale planar, mellom anna regional delplan for Ottadalsområdet, som det også er vist til. Møre og Romsdal fylkeskommune vil derfor støtte arbeidet med besøksstrategiar for verneområda. I og med at mandatet for prosessen gjeld "besøksstrategi" er det kanskje naturleg at reiselivet er den einaste næringsbransjen tiltaka er retta inn mot. Vi har likevel nokre kommentarar:

- Ut frå si rolle, fokuserer nasjonalparkstyret mykje på sjølve vernearealet og korleis dette kan nyttast/ikkje nyttast i reiselivssamanheng. Det ligg til saka sin natur, så og seie, at vinklinga i dokumentet har eit restriktivt preg. Målet om verdiskaping i randområda framstår ut frå dette som underordna og er i realiteten overlata til alle andre aktørar enn nasjonalparkstyret, men utan at det er klargjort korleis rollene er fordelte. Fylkeskommunen er blant dei aktørane som har verkemiddel og kompetanse på området, men er ikkje invitert i prosessen med utforming av strategiforslaget, utover at vi er representert i nasjonalparkstyret. Kanskje må det også vere slik, gitt mandatet ?
- Besøksstrategien (dokumentet) bør uansett vere noko tydelegare på kva prosess som ligg til grunn for forslaget. Utover tre linjer sist i innleiinga, er det uklart korleis prosessen har vore og kva (type) innspel som er fanga opp og har gitt resultat i forslaget. Kven er det som representerer dei ulike gruppene som er nemnt ? Er til dømes destinasjonsselskapa innan reiseliv representert ?
- I kunnskapsgrunnlaget er det fem ulike kapittel. Her er gitt oversyn over naturverdiar, kulturminna (men lite om landskap som kulturfenomen), brukarinteresser og reiseliv, samt ei kort samanfating. Også her framstår reiselivet som den einaste næringa eksplisitt, medan "brukarinteresser" i realiteten dreier seg om landbruksnæringa. Anna hevdvunnen, lokal bruk eller tinglyste rettar er ikkje spesifisert, og dermed uklart. Dette kan til dømes gjelde fritidsbustader, idrettsarrangement, bær- og soppanking, jakt og fiske, der lokale innbyggjarar har andre rettar enn ålmenta elles.

- Ut frå målet om næringsutvikling er det relevant å peike på den demografiske situasjonen og utviklinga i kommunane, næringsstrukturen og arbeidspendlinga mv. Dette vil kunne gi grunnlag for meir spissa tiltak.

- Dei fem hovudstrategiane som er nemnt har vi ikkje særskilde merknader til, bortsett frå at "stoltheit" ikkje utan vidare kan forståast som ein strategi. "Framsnakking" hadde vore eit bedre ord her.

Om reiselivsnæringa

På side 18 «Formidling av Reinheimen» er nemnt slik: «*Eit betre samarbeid med ansvarlege for dei ulike portalane er naudsynt for å lyfte fram prioriterte turar og skjerme turar der auka trafikk ikkje er ynskjeleg*». Vi er samde i dette. For vår del vil www.morotur.no vere rette adressat.

Vi er også samd i at nasjonalparkstatus har stor attraksjonskraft, men usikker på korleis dette skal få reell verknad i besøksstrategien. På side 22 står at:

"Merkevara Reinheimen nasjonalpark skal trekkje fleire besøkande til infrastrukturen rundt området, få fleire til å stoppe og få besøkande til å vera fleire dagar»

medan ein samstundes skal (side 23):

«halde besøkstalet i Reinheimen nasjonalpark på same nivå som i dag og skjerme merka stigar og hytter mot ei stor framtidig besøksauke»

Dette er vel og bra, i og med at ein legg opp til at opphaldet først og fremst skal vere utanfor verneområda:

«Frå hovudferdelsårene rundt Reinheimen kan du sjå store delar av verneområdet og kan ved bruk av kikkert vera så heldig å sjå villrein».

Vi finn grunn til å gjere merksam på at all nyare forskning viser at turisten/besøkande ikkje lenger er nøgd med berre å sjå på ein attraksjon/naturen frå buss- eller bilvindueller siktepunkt elles. Dei vil ta alle sansar i bruk – sjå, høyre, lukte, ta på, vere aktiv, gjerne lære noko nytt, og vere med på å forme si eiga oppleving (co-creation). Dette er eit berande prinsipp i "Adventure tourism" – konseptet som reiselivsnæringa på heile Vestlandet (og Norge elles) rettar seg inn mot.

Det er mykje fokus på kommunikasjon og informasjon i besøksstrategien – men hovudsakleg som passiv einvegs informasjon/kommunikasjon. Å nytte nasjonalparken som trekkplaster blir lite truverdige når det ikkje vert tilrettelagt for å oppleve naturen "på ordentlig". Framlegget til besøksstrategi for Reinheimen framstår derfor som nokså lite ambisiøs og dels med ambisjonar som ikkje er realistiske.

Fylkeskommunen har forståing for kravet om å skjerme sårbar natur og landskap, men kanskje er det på tide å opne for tankar om sonering, slik vi ser det i ei rekkje andre land. Vi er klar over at dette må drøftast på nasjonalt nivå og ikkje i den enkelte nasjonalpark.

Nasjonalparksenter

På kart side 29 er Norsk tindesenter nemnt som ein av innfallportane til Reinheimen. Vi registrerer også at det i tiltakslista er nemnt "informasjon" mm. ved tindesenteret. Det er uklart kva som ligg i dette. Fylkeskommunen meiner Norsk tindesenter ligg slik til, og har slik storleik at det vil vere naturleg å etablere eit eventuelt besøksenter her, i samarbeid med senteret. Vi finn det ønskeleg å synleggjere dette som tiltak i besøksstrategien.

Tindesenteret har allereie eit høgt tilfang av besøkande (140 000 i 2018, inkludert ikkje betalande). Vi nemner mellom anna dei mange cruisebåtane som kjem til Åndalsnes og der ein stor del av passasjerane vert frakta inn i vernesona; på Trollstigplatået. Vi nemner også Romsdalseggen med utsiktpunktet "Rampestreken" og via ferrata ved Åndalsnes som trekkjer stadig fleire reisande som søker naturopplevingar og informasjon og som nettopp medverkar til aktivitet utanfor vernesona.

Tindesenteret har allereie eit relevant fagmiljø, med Statens naturoppsyn, DNT, NVE skredobservasjon og Norsk fjellfestival innanfor veggane. Senteret fyller alle formelle krav til nasjonalparksenter (jf møte med Miljødirektoratet 29.10.2017) og samarbeider allereie i dag med nasjonalparksenteret på Lom på ulike område.

Rauma er den største av kommunane innanfor Reinheimen, og femner i tillegg til delar av Reinheimen også delar av Dovrefjellkomplekset. meir enn 50 % av kommunens areal inngår i verneområda. Møre og Romsdal har ingen nasjonalparksenter i dag, og Norsk Tindesenter vil vere eit godt og naturleg val.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er positivt at det vert utarbeidd ein besøksstrategi for verneområda i Reinheimen. Kulturminneforvaltninga står ovanfor mange av dei same utfordringane som nasjonalparkstyret, med omsyn til bruk og vern av kulturminner og landskap.

Dei fire hovudkategoriane på kulturminnefeltet er dekkande, og vi er positive til at "fonnefunn" er trekt fram. Vi gjer merksam på vår beredskapsplan for slike funn, som dekkjer perioden 2018-2021 og som sannsynlegvis vil verte vidareført.

Vi rår absolutt til vidare samarbeid om tilstands- og sårbarheitsvurderingar og informasjons- og tilretteleggingstiltak. Askeladden bør vere databasen som leggst til grunn for slike registreringar og tiltak.

Fylkeskommunen ser for seg at kulturminne kan spele ei aktiv rolle i formidlinga og opplevinga av verneområda og verneføremålet, i det minste i dei områda som er robuste nok til å tåle besøk. På Trollstigen og Slettvikane er det naturleg å trekke fram fangst og fonnefunn, og dei lange tidslinjene frå istid og fram til i dag. Dette kunne kanskje også ha vore tema for utstillingar og informasjon ved Norsk Tindesenter, jamfør innspel om nasjonalparksenter ovanfor. Ved Trollveggen besøksenter på Horgheimseidet ligg eit av dei største gravfelte i fylket. Her står også den gamle jernbanestasjonen frå Romsdalshorn, samt sesongmessige utstillingar knytt til gulltransporten i 1945. Området kan såleis ha stort potensial for vidare satsing på kulturturisme.

Vi viser eller til vår regionale delplan for kulturminner, som omtalar fleire kulturminner i verneområda, samt vårt samarbeid med Statens Naturoppsyn om tilstandsregistrering av desse.

Ei av dei større satsingane til Møre og Romsdal fylkeskommune er kystpilegrimsleia, inkludert den gamle Valldalsleia mellom Valldal og Ulvådalen i Rauma, via Grønningseter og Vakkerstøylen. Denne ferdslåra er opna som pilegrimslei og vil vere ei viktig satsing framover. Eit tett samarbeid mellom nasjonalparkstyret og fylkeskommunen er nødvendig. Vi ser også for oss at denne koplinga mellom natur og kultur kan vere sentralt i planane omkring ny turistinformasjon ved Sylte, jf tiltakslista. Her er det også relevant å peike på eit tettstadprosjektet for Valldal sentrum inkludert den verna Syltegata (samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen). Utvikling av innfallsporten på Sylte bør koplast tett til prosjektet for utvikling av sentrumsmiljøet.

Hovudstrategien *Rundreise* inneber marknadsføring av ferdsel gjennom verdsarvområdet i Geiranger. Tilstrøyminga av turistar til Geiranger er svært stor. Det blir viktig at besøksstrategien for Reinheimen spelar på lag med verdsarvstiftinga sitt arbeid for å handtere den store ferdselen og eventuelle tiltak for å spreie tilstrøyminga over ein større del av året. Vi går ut frå at det vil vere tett kontakt mellom verneområdeforvaltninga og stiftinga.

Det går fram av strategidokumentet at Regional delplan for kulturminne er ein del av registreringsgrunnlaget for besøksstrategien. Nær Reindalssetra i Tafjord er to sager registrerte som regionalt viktige kulturminne frå nyare tid, men desse ser ikkje ut til å vere merka på kartet i kapittel 2.2 Kulturminne. Er kløvstien i Trollstigen (regional verdi) mellom dei markerte minna på kartet?

Nokre kulturminne frå nyare tid i den regionale delplanen ligg kanskje heilt i kanten eller like utanfor verneområdet, men desse er i alle høve tett knytt til Rundreisa. Det er ei rekkje slike kulturminne på strekninga Horgheim-Skiri i Romsdalen; Horgheim skysstasjon, jernbanestasjonen på Marstein, vassmerke på Horgheim, Kors kyrkje, tjørebrenningsanlegg frå 1700-talet på Skiri, gamle veganlegg. Øvst i Valldal er Nedstestølen og Øvstestølen slike viktige kulturmiljø.

KONKLUSJON

Vi viser til merknader ovanfor og ber om at desse vert vurdert vidare før endeleg vedtak om besøksstrategien. |

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar:

Reiseliv: Rådgivar Lillian Sæther
Kulturminne: Helge Aarset og Kristoffer Dahle

Kopi:
Rauma og Norddal kommunar